


Med Gud
for Heim og Fedreland



Rosendal
Fråhaldslag

1885 1985





Formenn frå 1900—1962

PEDER GUDDAL

1867—1930

Eks. ved Stord Lærarskule.
Lærar i Omvikdalen. Formann
i fråhaldslaget 1899 og
frå 1905—1909.



ARNE STULAND

1871 — 1955

fødd på garden Stuland i
Omvikdalen 25/9 — 1871.
Foreldre: Eirik og Sella
Stuland. Gift med Olina
Glimme frå Voss.

Arne Stuland tok lærareksamen ved Stord lærarskule i 1891. Han var først lærar i Sveio og deretter i Kvinnherad. Han hadde først krinsane Haugland og Sniltveitøy. Frå 1900 til 1920 var han lærar i Malmanger krins og kyrkjesongar i Kvinnherad kyrkje. I denne tida gjorde han ein stor innsats i det friviljuge lagsarbeidet i bygda. Turnlag, songlag og ungdomslag er døme på det.

I 1920 var Arne Stuland lærar på Hardanger folkehøgskule og året etter på Sunnhordland folkehøgskule. Til sist var han lektor ved Stord Lærarskule i 18 år.

I fritida dreiv han med ættegransking og har millom anna gjeve ut fyrste bandet av Kvinnheradssoga og ei bok om skulen i Kvinnherad.

I 1947 fekk Arne Stuland Kongens fortjenstmedalje i gull for arbeidet sitt mellom og for ungdom.

FRÅHALDSMANNEN ARNE STULAND

Nokre minneord.

Arne Stuland var i heile sitt liv ein varm talismann for fråhaldssaka. Alt som ellevle/tolvåring skreiv han seg som totalist. Om dette fortel han sjølv: «Ei julehelg i 1882 eller 1883 var Arne Eik hjå syster si, mor mi, på Stuland. Nokre ungdomar hadde vore fulle i helgi, og det vart noko snakk om dette millom mor og Arne, og dei nemnde at ein kunne *skriva* seg fra «drikken». Eg sa straks at det ville eg gjera. Det vart til det at Arne Eik skreiv opp namni på mor og dei 4 sønene hennar».

Arne Stuland var såleis skreven totalist alt før Rosendal Fråhaldslag vart skipa. Han var aktiv i laget både som medlem, styremedlem og formann gjennom mange år. Dette kjem me attende til seinare.

Me som fekk oppleva å ha Stuland til lærar, tenkjer attende på den tida med stor gleda. I skulestova var alltid ro og orden. Me kjende oss trygge. Lekser hadde me, og dei måtte kunnast. Men så var det hans tur til å fortelja, og det var han ein meister i. Gjennom det han sa og fortalte, fekk me kunnskapen inn så å segja gratis. I naturfagimane og elles åtvara han mot alt det som kunne skada helsa vår, t.d. tobakk og alkohol. Ved at han sjølv praktiserte det han lærde, var han eit godt føredøme for elevane sine, og svært mange av dei melde seg inn i fråhaldslaget alt medan dei gjekk i barneskulen. Det å vera totalist var ei stor æra.

Det som no er sagt om Arne Stuland, kan også segjast om alle lærarane som var med i fråhaldslaget i denne tida. Undervisninga i skulen og totalistane sitt avgjorde fråhaldsstandpunkt, påverka også foreldra si haldning til rusdrikken. Ølbrygginga forsvant litt etter litt, og fleire og fleire heimar vart alkoholfrie. Dette førde i sin tur til eit betre bygdemiljø.

Men framleis kjempa måtehaldsfolket mot denne utviklinga og mot fråhaldslaget sitt arbeid. Dei heldt fram med ølbrygginga og drikke-skikkane som før. Dertil kom *dei* som bukka under for alkoholen og hamna i ein drankars tragiske livslagnad. Her var såleis arbeidsoppgåver nok for eit aktivt fråhaldslag.

FREISTNAD MED REGELMESSIGE MØTE

Arne Stuland var formann frå 1900 — 1904 og frå 1910 — 1918. På årsmøtet i 1900 vart det vedteke å halda lagsmøte kvar 14. dag. Møtestad skulle vera Rosendal, Seglem og Omvikdalen etter tur. Ein komite vart vald til å syta for program til neste møte. Talarar var for det meste formannen eller ein annan av styremedlemene. Så var det gjerne opplesing eller ordskifte etterpå. Dei mest nytta talarane innan laget var: Peder Guddal, Arne Stuland, Abel Seglem og Johs. Ripel.

Ei viktig oppgåve for laget var opplysningsarbeid. Fråhaldsskrifter vart innkjøpte og spreidde både mellom medlemene og andre så langt opplaget rakk. Som døme på slike skrifter kan nemnast Gundersens foredrag: «Den Kristnes stilling til Brugen av sterke Drikke». Likeeins foredrag av Svenn Aarrestad: «Brennevinstrafikken og Næringslivet.» Dessutan vart det abonnerert på «Menneskevennen» og andre fråhaldsblad. Skriftet «Alkoholen og helsa» vart gjeve til konfirmantane i 1903.

For å gjera rusdrikkloven betre kjend, skaffa laget seg plakatar der dei lovbed som oftast vart brotne i bygdene her, vart oppskrevne. Plakatane vart oppslegne på folksame stader.

Det syntet seg at det i lengda ikkje var så lett å samla folk til møte anankvar veka, og ein gjekk så over til møte kvar tredje veka. Seinare var det mest vanleg å ha møte ein gong i månaden i vinterhalvåret.

Om sumaren vart det skipa til utflukt eller ei stemna. Sumaren 1901 gjekk turen til Øyeveten. Andre utferrsstader var: Kalven, Muradalen, Guddalsdalen, Bjørndal, Hatlestrand og Enesdalen. Turen til Enesdalen sumaren 1915 var saman med Lyngstrand og eit par andre fråhaldslag. Frammøtet var stort. Omkring 70 menneske var med på turen.



Rosendal og Lyngstrand fråhaldslag på tur til Enesdalen 22. aug. 1915.

EIN LOSJE VERT SKIPA

UTSKRIFT FRÅ STYREMØTE I ROSENDAL
FRÅHALDSLAG 28. MARS 1904

«Sak 2.: Om Fråhaldslaget skal gjera noko til at ein godtemplarlosje kan verta skipa i Rosendal? Styret tilrår at interesserte av totalistane kan mælda seg inn i losjen som vonleg vert skipa, men frårår masseutmelding av fråhaldslaget til bate for losjen.»

I påskehelga 1904 kom stortemplar Johannesen frå Bergen til Rosendal og skipa Losje «Melderskin». 15 av medlemene i Fråhaldslaget melde seg inn i losjen. Likevel auka talet på medlemer i Rosendal Fråhaldslag. I 1904 fekk laget 35 nye medlemer. Det samla medlemstalet ved utgangen av året var 270.

Det synte seg straks at fråhaldslaget og losjen arbeidde godt i lag. I årsmeldinga for 1906 står å lesa at losje «Melderskin» og Rosendal Fråhaldslag har hatt to møter og ei utflykt i lag. Dette var i Peder Guddal si formannstid. Bård Koltveit var reisetalar for fråhaldsrørsla. I 1908 vitja han Kvinnherad to gonger og heldt i alt 4 foredrag. Same året tala Olav Vevle om fråhaldssaka på eit «Ynglingemøte» i Omshagen. Folk frå heile Kvinnherad og vidare med var komne til møtet.

LAGET VERT DELT

På årsmøte 21. desember 1909 vart det vedteke å dela laget såleis at Rosendal, Løfallstrand og Guddalsdalen vart eitt lag, og Omvikdalen med Snilstveitøy vart eitt. Namna vart no: Rosendal Fråhaldslag og Omvikdalen Fråhaldslag. Delinga skulle gjelda frå 1/1—1910. Peder Guddal vart frå same tid formann i Omvikdalen, Arne Stuland i Rosendal Fråhaldslag.

Då Arne Stuland slutta som formann i 1918, vart Lars Skeie vald til formann for 1919. Me viser til omtale av han tidlegare i heftet.



Losje «Melderskin» og Losje «Uskedølen» på tur.